

150 år sidan Henrik Angell vart fødd

Av Per Olav Bøyum

I mars var det 150 år sidan Centralforeningen for Udbredelse af Legemsøvelser og Vaabenbrug, forløparen til Norges Idrettsforbund, vart skipa. Same år vart det fødd ein gut i Luster som skulle få mykje å seie for utbreiing av skiidretten, både i Noreg og i utlandet.

Ved Holmenkollbakken står det tre menn på sokkel. Kong Olav og Fridtjov Nansen er framleis kjente og velvyrde personar, men den tredje, Henrik Angell, er det langt færre som kjenner til.

Henrik Angell vart fødd 22. august 1861, og budde dei fyrste åra av livet sitt på Kvåle i tettstaden Dale. Interesse for ski vart tidleg kveikt hjå Henrik. I 1884 kryssa han Hardangervidda på ski. Det skjedde same år, men før den meir namngjetne turen til Fridtjov Nansen.

I 1893 sette Henrik kursen for Balkan. Han var full av beundring for folket i Montenegro, som i fleire hundreår hadde sloss mot tyrkarane, og såleis klart å behalde fridomen sin. Angell introduserte skisporten i Montenegro, og har framleis heltestatus i landet.

Også andre land fekk nytte av tenestene til Henrik. Som frankofil nølte han ikkje lenge då han fekk ein førespurnad om å lære opp dei franske alpetroppane i skibruk. Roy Andersen, biografen til Angell, hevdar at det er dekning for å hevde at Henrik var med på å innføre skisporten i Frankrike.

I Noreg farta Henrik land og strand rundt for å vekkje til live interessa for skigåing. For det stod visstnok dårleg til med skidugleiken på den tida. Frå Sogn rapporte Henrik at: “Andre end enkelte rypejægere, Justedøler og endel af den ‘konditionerte ungdom’ kan ikkje siges at forstaa sig paa skiløbning, og det uagtet man overalt har den ypperligste anledning til at øve skiidrætten”. Foredraga til Henrik var svært populære, og gav støytten til stiftinga av skilag i Sogn.

Litteratur

- Andersen, Roy: Henrik Angell : en nordmann på tvers. Oslo: Forum – Aschehoug, 2000

Illustrasjonar

POB_angell_001.jpg

Sogn Ungdomslag reiste i 1924 ein minnestein om Henrik Angell i Luster. Relieffet er laga av bergenskunstnaren Ambrosia Tønnesen. Foto: Hermund Kleppa. Datering: 2000